



Det skal gjevast ut ny årbok - Kvinnhersminne 2011 - og der skal grendahuset Vonheim oppe i dalen presenterast.

I samband med det ber leiar Britt Torill M. Mathiesen om at dei som sit inne med informasjon om tida dei har hatt Vonheim i grenda kjem til henne med opplysningane.

Over er det fullt hus under eit kulturarrangement og under er det basar, men dette er berre to døme på alt som har skjedd i huset. Av interesse er ikkje berre foto frå nyare tid men også frå eldre dagar og då ikkje minst frå oppføringa av Vonheim slik det står i dag.

- Vi er interessert også i artige historiar og episodar frå huset, seier leiaren og stillar to spørsmål:

Kva lag har nytta huset opp gjennom tida?

Kva viktige personar kan trekkjast fram når det gjeld drifta opp gjennom tida?

Dei som har informasjon kan ta kontakt med henne på telefon 938 39 446 eller britt.torill@gmail.com

(Foto: Ola Matti Mathisen)

